

## **Kort om tilskot til utvikling av sosiale tenester i Nav-kontoret**

Tilskotsordninga skal bidra til å skape eit heilskapleg og samordna tenestetilbod tilpassa behova til brukarane.

### **Frist for å søkje tilskot**

Søknadsfristen er 1. februar 2025.

### **Kva er føremålet med tilskotsordninga?**

Føremålet er å stimulere til utvikling av dei sosiale tenestene og tiltaka i kommunane etter sosialtenestelova.

Sosialtenestelova har som formål å betre levekåra for dei vanskelegstilte, og skal

- bidra til sosial og økonomisk tryggleik slik at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig, fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet
- bidra til at utsette barn og unge og familiane deira får eit heilskapleg og samordna tenestetilbod
- bidra til likeverd, likestilling og førebyggje sosiale problem

Gjennom nye arbeidsmetodar og samarbeidsformer, skal innbyggjarane i kommunen oppleve auka kvalitet i tenestene og ei betring av levekåra.

Det overordna målet med tilskotsordninga er å skape eit heilskapleg og samordna tenestetilbod tilpassa behovet til brukarane.

Det blir ikkje gitt tilskot til:

- Implementering av ferdig utvikla metodar og arbeidsmåtar.
- Søknader som berre beskriv kapasitetsauke i tenesta.

### **Målgruppe for tiltaka**

Målgruppa for ordninga er sosialt og økonomisk vanskelegstilte som har behov for sosiale tenester, og andre som står i fare for å kome i ein vanskeleg livssituasjon.

### **Kven kan søkje om tilskot?**

Nav-kontor kan søkje om tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene.

### **Kva område er prioriterte i 2025?**

Følgjande utviklingsområde vil bli særskilt prioriterte i 2025:

Barnefamiljar, ungdom og bustadsosialt arbeid er særleg prioriterte område.

Vidare er prioriterte område:

- Heilskapleg og samordna tenestetilbod tilpassa behovet til brukarane.
- Arbeid med innvandrarar og langtidsmottakarar av sosiale tenester.
- Samarbeid mellom tenester mellom anna under straffegjennomføring og sikring av sårbare overgangar, mellom anna etter gjennomført straff, mellom utdanning og arbeidsliv og mellom ulike tenester som barnevernet og Nav.
- Førebygging og/eller tidleg innsats.

## Kor stort er tilskotet?

Det blir gitt inntil 750 000,- kroner per 100 prosent stilling.

Som følgje av at stillingsbeløpet vart justert opp blir det ikkje tildelt kompetansemidlar i 2025.

Sjølv om den totale ramma for tilskotet har auka, er det færre midlar til nye stillingar og tiltak enn det var i 2024.

## Rapportering

Fristen for status- og rekneskapsrapportering er 1. februar 2026.

## Tidsperiode for tilskot

Tilskot blir primært gitt for eitt år frå oppstartsdato, men det kan givast i inntil 36 månader til same tiltak.

## Søknad

Kontakt statsforvaltaren i fylket ditt viss du har spørsmål eller treng rettleiing. Utfylt søknad blir signert og sendt til statsforvaltaren.

### [Søk tilskot](#)

Kontakt statsforvaltaren i fylket ditt

E-postadresse	Telefonnummer
<a href="#">Statsforvaltaren i Agder</a>	37 01 75 00
<a href="#">Statsforvaltaren i Innlandet</a>	61 26 60 00
<a href="#">Statsforvaltaren i Møre og Romsdal</a>	71 25 84 00
<a href="#">Statsforvaltaren i Nordland</a>	75 53 15 00

Statsforvalterne i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus sfospost@statsforvalteren.no	69 24 70 00
<a href="#">Statsforvaltaren i Rogaland</a>	51 56 87 00
<a href="#">Statsforvaltaren i Troms og Finnmark</a>	78 95 03 00
<a href="#">Statsforvaltaren i Trøndelag</a>	74 16 80 00
<a href="#">Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark</a>	33 37 10 00
<a href="#">Statsforvaltaren i Vestland</a>	57 64 30 00

### Tips til kontor som ønskjer å søkje Om rettleiing og inspirasjon

- Kontakt statsforvaltaren i fylket ditt viss du har spørsmål eller treng rettleiing.
- Det blir tilbode søknadsstøtte til alle Nav-kontor. Påmelding til informasjonsmøte 18 desember : <https://delta.nav.no/event/c5b50770-a084-4ead-831b-865c0846b4e9>. (Gjennomføring av søknadsstøtta gir ingen prioritet når søknadene blir vurderte, alle søknadene blir vurderte på likt grunnlag.)
- Sjå eiga side på Navet (intranettet) «Tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene i Nav-kontoret» for inspirasjon og informasjon om og frå tilskotsmottakarar.
- Sjå eigne sider på nav.no om Navs FoU plan 2021-2025 og programnotatet for sosiale tenester, <https://www.nav.no/no/nav-og-samfunn/kunnskap/fou-midler/fou-i-nav2>

### Om utarbeiding av tiltaket

- Ha ei brukarorientert tilnærming til utviklingsarbeidet.
- Planlegg for implementering frå start.
- Ha ei god forankring, organisering og tydeleg plan(ar).
- Bruk levekårutfordringar i kommunen som bakteppe for søknaden.
- Bruk utviklingstilskotet som eit verkemiddel i arbeidet med det samla velferdsansvaret til kommunen.

### Om overordna fokus

- Sjå utviklingstilskotet i samanheng med arbeidet i kommunen med FNs berekraftsmål, barnekonvensjonen og liknande.
- Planlegg for implementering av aktuell nyare lovgiving

- Planlegg for utviklingsarbeid som er forankra i relevante nasjonale satsingar og strategiar.